



HEDALM AS Hovedkontor
Postboks 4345
2308 HAMAR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3668 - 14/15427

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2014

Godkjenning- Oppføring av einebustad på gbnr 10/224 på Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 283/2014

Eigedom: 10/224

Byggjeplass: Holme

Ansvarleg søker: Hedalm AS

Planstatus: (B1) Reguleringsplan for Bustadområde for Holme gnr 10, bnr 1 m. fl.

Søknad om: Oppføring av einebustad

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 03.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av einebustad på gbnr 10/224 på Holme.

Det ligg føre erklæring frå eigar av Gbnr 10/1 og 10/225 om løyve til å legge/vedlikehalde vann og kloakkledningar, samt eventuelle kabler over Gbnr 10/1 eigedom.

Det er søkt om tilkopling og utføring av sanitæranlegg. Det er godkjent eit løyve i DNT sak 068/11 frå 15.02.2011, løyve er gjeldande.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplanen for Bustadområde for Holme gnr 10, bnr 1 med fleire (B1) regulert til

Einebustad med garasje.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 11.08.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Eigedomen er på ca 932 m². I reguleringsplan for Bustadområde for Holme gnr 10, bnr 1 m.fl er det krav til parkeringsdekning for 1,5 bilar. Tiltaket samsvarer med reguleringsplanen. Tillatt grad av utnytting på tomte (% BYA) er 20 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke saman med søknad 03.09.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad.

I føresegna til reguleringsplanen står det at huset skal ha max. Mønehøgde på 51,0 m.o.h. Gesimshøgde skal ikkje overstige 4,5 meter. Husene skal ha saltak med fall mellom 27-38 °. Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse:

| <u>Føretak:</u> | <u>Godkjenningssområde:</u> |
|---|---|
| Hedalm AS Organisasjonsnummer: 927486210 Sentral godkjenning | SØK/PRO/UTF/Kontroll tkl 1 Ansvarsområde: Ansvarleg søkjar, prosjekterende for pipe og brannmur, Utførande av pipe, brannmur, tømmerarbeid inklusive trekonstruksjoner i våtrom, montere ventilasjonsanlegg. Kontrollerande for fuktsikring samt høyder og plassering, og fall til sluk. |
| Innmålingstjenester AS Organisasjonsnummer: 979927703 Sentral godkjenning | PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Oppmålingsteknisk prosjektering for plassering av bygget, utføre stikking av høgder, plassering på tomten |
| Malmo og ugelstad eiendomsservice AS Organisasjonsnummer: 989361112 Sentral godkjenning | PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Prosjektering av radonsikring, gravearbeid og grunntrykk frå bygget, mur og betongarbeider (såle) og grunnmur, påstøp, membran, slukplassering |
| Anleggspartener AS Organisasjonsnummer: 979454139 Sentral godkjenning | UTF tkl 1 Ansvarsområde: Utføring av grunn og tømmerarbeid |
| Stusdal VVS Organisasjonsnummer: 912319164 Sentral godkjenning | PRO/UTF tkl 1 Ansvarsområde: Prosjekterande for rørfaget. Utføre rørarbeid med tilknytning til VA-nett og |

| | |
|---|--|
| | framføring til grunnmur. |
| Nilsen & Sture betong AS Organisasjonsnummer: 986481729 Sentral godkjenning | UTF tkl 1 Ansvarsområde: Radonmembran, betongarbeider einebustad. Våtromsarbeid påstøp og membran. |
| Obron Øst AS Organisasjonsnummer: 998667852 Sentral godkjenning | Kontroll tkl 1 Ansvarsområde: Kontroll av målt tetthet i målerapport og rutiner/arb.beskrivelse for tetthetsmåling. |

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve for oppføring av einebustad (med tilhøyrande avkjørsle frå kommunal veg) på gnr 10, bnr 224 i samsvar med søknad motteke 03.09.2014.

Det vert vist til kart og teikningar stempla motteke 03.09.2014.

Plassering som vist på kart motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Ansvarsrett vert godkjend som omsøkt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat. Dokumentasjon skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse i ett trinn

Teikningar

Situasjonskart

Erklæring

FAKTURAVEDLEGG 10224

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak
godkjent10224

Kopi til:

Henriette Sæle Bønes og Alexander Våkleivåsen 5 5155 BØNES
Tveitnes

Mottakere:

HEDALM AS Hovedkontor Postboks 4345 2308 HAMAR